

NR	SØKJAR	KOMMUNE/ OMRÅDE	PROSJEKTNAVN	SØKNADSSUM	TILRÅDING	GRUNNGJEVING	KORT PRESENTASJON AV TILTAKET/ PROSJEKTET	TOTALE UTGIFTER
1	4H Hordaland	HORDALAND	4H Basecamp Hardangervidda-Juniorsprell	25 000	Avslag	Tiltak i begge fylkeslag låg inne i budsjettet for midlar tildelt i 2020 (Fritt fram i friluft), blant anna Juniorsprell. Dette vart ikkje gjennomført, og overskot på 132 000 er søkt overført til 2021. Det kan såleis ikkje tildelast midlar til dette tiltaket i år.	4H har som føremål å utvikle ein aktiv og samfunnsengasjert ungdom med ansvarskjensle og respekt for natur og menneske. Medlemsmassen i 4H har i fleire år hatt ei negativ utvikling, og det er i alderen 12-14 år det er flest medlemmer som sluttar i 4H. I 2018 satte 4H Hordaland i gang eit tiltak for å stimulere ungdom i denne alderen til meir aktivitet, blant anna ved å tilby Basecamp Harangervidda - Juniorsprell. Dette var vellukka, og ein klarte å snu trenden. Under corona, har klubbane gitt tilbagemelding om at mange ungdomar slit, er umotiverte, og vil helst sitje inne. 4H ønsker å gjeninnføre Basecamp Hardangervidda - Juniorsprell for å motivere ungdomane til å komme seg ut i naturen, bli aktive og fortsette i 4H. Basecampen er lagt til ei helga i august, og vil innehalde aktivitetar som fiske, fjelltur, kanopadling, matlaging, opplæring i ferdsel og påkledding i høggfjellet, sosialt samver, div konkurransar og aktivitetar. Eit mål er å få opplevingar dei hugsar med eit positivt føreteikn og som dei kan vidareformidle til andre.	80 250
2	A-larm bruker og pårørende org. For åpenhet om rus og behandling	BERGEN	Friluftslivsaktiviteter i A-larm Vestland	90 000	65 000	Lågterskel friluftslivsaktiviteter i nærmiljøet spesielt tilrettelagt for prioritert gruppe. Tiltaket har stor overføringsverdi ved at deltakarar ofte blir frivillige seinare, og bruker sin erfaringskompetanse. Kan berre få 50% av totalkostnad. Søkt om overføring av kr 2068 til 2021, dette er difor trekt frå tildelingssum.	A-larm er ein landsdekkande og ideell bruker- og pårørendeorganisasjon innan rusfeltet som vektlegger erfaringskompetanse og fagkompetanse. Eitt av måla er at brukarar kan bygge seg eit nettverk i rusfritt miljø. A-larm ønsker å etablere eit vekesbasert tilbod gjennom ein aktivitetsgruppe med fokus på friluftsliv for menneske med utfordringar knytt til rus og psykisk helse, gjennom bruk av nærmiljøet. Aktivitetene skal ha faste dagar, året gjennom, som sikrer forutsigbarhet for brukarane. Særleg under korona, og i ferietid er det viktig med aktivitetstilbod som eit ledd i motvirke einsemd og isolasjon.	168 000
3	Askøy Orienteringslag	ASKØY	Stolpejakten Askøy	51 500	30 000	Viktig lågterskeltilbod i ei tid der mange aktivitetar avlyst. Treff mange ulike brukargrupper og kan inspirere til bruk av nærmiljøområde.	Stolpejakten er eit gratis folkehelseilbod der vi plasserer ut stolper i lett tilgjengelige områder i nærleiken av der folk bur. Brukarane laster ned gratis app på mobil og registrerar stolper med QR-kode ved å følge digitalt kart eller kartfolder. Tilbodet er tilrettelagt slik at det ikkje er krav om forkunnskaper, det er tilgjengeleg for barnevogn og rullestolbrukarar. Målgruppene er born, unge, familiar og mosjonister og turgåarar i alle aldre. Stolpene står ute frå mars til november. For å tilby konseptet inngår vi ein avtale med Stiftelsen Stolpejakten om bruk av deira app og bakenforliggende system. Vi trykker og ein folder med kart og informasjon.	103 500
4	Askøy Orienteringslag	ASKØY	50-år med Turorientering på Askøy	10 000	Avslag	Tiltaket gjeld trykking av folder og er såleis ikkje direkte friluftslivsaktivitet. Vanskeleg å måle effekt.	I samband med jubileum for Turorientering på Askøy ynskjer vi å trykke opp og dele ut ein folder med tre gratis turar, litt historikk og små artiklar. Gratisturane er på grønt nivå (enkel) og vil bli lagt opp med tilgang for rullestolbrukarar og barnevogn. vi vil og arrangere ein åpningsdag med premiar for dei yngste. Tiltaket er retta mot barn, unge og barnefamiljar.	33 000
5	Austrheim Ungdomsklubb	AUSTRHEIM, ALVER	Friluftslivsaktivitet for Friskusane i Austrheim	61 000	60 000	Tiltaket retter seg mot viktig målgruppe som er avhengig av tilrettelegging. Aktivitetane er godt planlagd og når ut til mange gjennom heile året.	Austrheim ungdomsklubb har aktivitetar for dei med nedsatt funksjonsevne gjennom tiltaket Friskusane. Tilbodet går ut i Austrheim og Alver kommune. Ein gong i månaden prøver vi å finne ulike turar i Nordhordland slik at det er variasjon i turane og ein kjem seg litt vekk fra bustaden sin og får nye opplevingar. Friskus klubb med middag og aktivitet ein gong i månaden, om været tillet det er vi ute med matlaging og aktivitetar. Vår og sommar er det aktivitetar med padlegruppe kvar tysdag. Om sommaren er det HavGlede uke med eige program for dei med nedsatt funksjonsevne - fyrste helg i august er spesielt satt av til Friskusane, med padling heile helga, båttur og fisking.	120 400
6	Baldersheim Bygdalag	BJØRNAFJORDEN	Prosjekt Steinavikjo	1 325 000	Avslag	Strukturelt anleggstiltak som fell utanfor tilskotsordninga. Kan evt. søke om spelemidlar, oppmoder til å kontakte kommunen for dette.	Aktivitetspark med bl.a. gangsti, handicap-rampe ned i sjøen, gapahuk, klatrestein, toalett, bålplass, treningsapparat, leikeapparat, sjakk-bord mm. Retta mot barn, unge og barnefamiljar	3 485 000
7	Bergen og Hordaland Turlag	HORDALAND	Unge naturtalenter i Hordaland	180 000	100 000	Tiltaket har stort fokus på overføringsverdi og auka deltaking i lokale lag og organisasjonar som driv med friluftslivstiltak. Viktig aldersgruppe som kan inspirere andre ungdomar. Kan maksimalt få 100 000,-	For å skape kontinuitet i DNT ung-gruppene er det viktig for foreningene å rekruttere flere frivillige i aldersgruppen 16-19 år. DNT har derfor utviklet Unge Naturtalenter som har ungdommer som målgruppe. Dette er et årslangt opplæringsprogram i friluftsliv, frivillighet og turledelse. Målet er å rekruttere en gruppe på 12 ungdommer og gi disse muligheten til å delta på 10 samlinger med ulike tema, som blant annet ledelse, friluftskompetanse og personlig utvikling. Prosjektet håper vi vil gi oss engasjerte ungdommer med kompetanse innen frivillig arbeid, turledelse, klatring, kajakk og generelt friluftsliv. I tillegg ønsker vi å øke engasjementet i DNT ung-gruppene lokalt og at ungdommene skal bygge nye nettverk på tvers av kommunegrensene. Høsten 2020 fikk vi startet rekrutteringen av 15 ungdommer til dette prosjektet. Ungdommene kommer fra Bergen, Fusa, Øygarden og Nordhordland. Vi ser positive effekter ved at ungdommene tar initiativ til å lage et friluftstilbud lokalt der de bor.	350 000
8	Bergen og Hordaland Turlag	HORDALAND	Turboklubber i Hordaland	150 000	100 000	Lågterskel aktivitet som er ope for alle. Fokus på enkelt friluftsliv og gode opplevingar i nærmiljøet. Tiltaket er godt forankra og når ut til mange barn i fleire kommunar. Kan maksimalt få 100 000,-	Turboklubben er ein fritidsklubb i nærmiljøet med fokus på friluftsliv. Målet er å lære barn enkelt og naturvennleg friluftsliv ved å vere ute saman, leike, oppleve, undre, utforske og lære om naturen. Turboklubben skal vere eit fast aktivitetstilbod til barn på lik line med fotballtrening og korps. I Turboklubben er det plass til alle og det skal ikkje vere ein konkurranseprega aktivitet. Det legges til rette for aktivitetar som gir erfaring med enkelt friluftsliv og et sosialt fritidstilbud i nærmiljøet. Målet er at barna opplever mestring og lærer seg samarbeid og har det kjekt sammen med andre gjennom de aktivitetene og naturopplevelsene Turboklubben gir.	430 000
9	Bergen og Hordaland Turlag	HORDALAND	Friluftsskoler i Vestland	230 000	100 000	Variert opplegg og aktivitetar, stor overføringsverdi, viktig gruppe (10-13 år) for å øke interessen for friluftsliv. Når ut til fleire deler av fylket. Kan maksimalt få 100 000,-	Friluftsskolen er et ferietilbud i samarbeid med Bergen og Omland Friluftsråd som settes opp i deler av sommerferien og i høstferien. Dette er et tilbud på dagtid over 5 dager i nærmiljøet for barn i alderen 10-13 år. Målet med Friluftsskolen er å gi deltakerne en god start/avslutning på sommerferien og høstferien gjennom lek og erfaring innen enkelt og naturvennlig friluftsliv. Dette skal være med på å gi et godt grunnlag for å øke videre interesse for friluftsliv. I 2021 planlegger vi for 10 Friluftsskoler. Vi vil fortsette det gode samarbeidet med BOF og vi vil sørge for at vi setter opp Friluftsskoler i ulike deler av fylket. Aktuelle plasser kan være Kvinnherad, Sotra/Øygarden, Askøy, Bergen og Alver.	830 000
10	Bergen og Hordaland Turlag	HORDALAND	DNT Tilrettelagt i Bergen og Hordaland Turlag	170 000	70 000	Godt forankra, rettar seg mot viktige målgrupper som er avhengige av tilrettelegging. Tiltaket er godt planlagd og når ut til mange. Prosjektet hadde eit overskot på 30 000,- i 2020, dette er difor trekt frå tildelingssum. Kan maks få 100 000,-	Med satsinga DNT tilrettelagt vil vi gjere friluftslivet meir tilgjengeleg for menneske med funksjonsnedsetting –herunder personar med synshemming, personar med bevegelseshemming, personar med hørselshemming, personar med utviklingshemming og personar med psykososiale funksjonsnedsettingar. I løpet av 2021 vil vi mellom anna: - Arrangere minimum 40 aktivitetar tilrettelagt for personar med funksjonshemming - Starte tilrettelagt fritidsklubb i Nordhordland - Tilrettelegge eksisterande turar slik at fleire kan delta på dei, til dømes kveldsmattur for barn, kom deg ut-dag og Opptur. - Senke tersklar for deltaking. Ein viktig faktor her er god dialog og informasjon med potensielle deltakarar, samt brukarorganisasjonar og kontaktnettverk.	513 800

11	Bergens Jæger og fiskerforening	BJØRNAFJORDEN	Raudlia felles hjortejakt	30 000	Avslag	Det søkes om midler til materialer, men er ikkje spesifisert ytterlegare med teikning, plassering el.l. Det er ikkje lagt inn egne midler. Strukturelt tiltak som ikkje fell inn under ordninga.	BJF ønsker seg et samlingspunkt under tak som kan brukes når regnet øser ned, som vil bli bygget på dugnad. Dette er til bruk under hjortejakt, der jegere som er medlem i forening, og ikke-medlemmer er velkommen, også de som ikke har jegerprøven.	30 000
12	Bergen og Omland Friluftsråd	HORDALAND	Snakkast på fjorden 2021	585 000	Avslag	Mange deltakarar, variert opplegg og aktivitetar, overføringsverdi. Tiltaket er implementert i skulen. Godt samarbeid mellom mange aktørar. Søkjar har oppgitt eit overskot på kr 1 209 000,- frå 2020, og vert difor ikkje prioritert i år.	Snakkast på fjorden (SPF) er eit ein-dags undervisningsopplegg i, ved og på fjorden for grunnskulen med dagskapasitet for om 70-100 elevar. SPF er gjennomført i 2018, 2019 og 2020 med til saman om lag 3800 elevar i Sunnhordland, Bergensområdet og Nordhordland. SPF har vore støtta av Klima og miljøverndepartementet gjennom løyvingar frå Hordaland/Vestland fylke. Involverte aktørar i prosjektet i 2021 pr. 1. februar: Stiftinga Kystkultur no!, Bergen og Omland Friluftsråd, FN-sambandet i Bergen, Coaststeering AS, Kvernbit IL ro og seglgruppe, Stend VGS Naturbruklinje, Norges Fiskerimuseum og Bergen Kystkultursenter. Hausten 2020 var alt 50 skoleklasser påmeldt opplegget Trygg i vann, ein prosess som Redningsselskapet har brukt mykje administrative ressursar for å få til. I denne sammenhengen kom RS med i samhandlingsprosjektet Snakkast på fjorden i lag med BOF, VFK, FN-sambandet i Bergen og Kystkultur.no. Det høver difor godt å spleisa saman Trygg i vann og Snakkast på fjorden til eit heildags undervisningsopplegg. Me har svært gode røymsler frå hausten 2020 frå denne modellen, då med Kystkultursenteret i Sandviken var hovudarena. Elevane vert fordelt mellom aktivitet i sjøen (Trygg i vann), stasjonsundervisning på land med FN-sambandet og Norges Fiskerimuseum innan sine spesialfelt og på sjøen med tradisjonelle robåtar (Snakkast på fjorden). For skulane er det gevinst i økonomiske innsparingar til transportutgifter sidan ein får auka læringsutbytte og såleis meir ut av skuledagen for den same transportkostnaden.	1 175 000
13	Bømlo Idrettslag	BØMLO	Lysløype - Bømlo IL	30 000	Avslag	Strukturelt tiltak som ikkje fell inn under ordninga. Kan evt. søke spelemidler, anbefalar å ta kontakt med kommunen for dette.	Bømlo IL har vedteke å bygge ein lysløype med universell utforming som knyttes til det eksisterande idrettsanlegget på Langevåg, Bømlo. Målsettingen med løypen er å lage eit nærmiljøanlegg som er til nytte for flest mulig av innbyggjarane i bygda. I tilknytning til lysløypa planlegges det å settes opp en gapahuk. Det er denne gapahuken det søkes om støtte til her.	30 000
14	Bømlo Røde Kors	BØMLO	Ønsker redningsvester til Barnas Røde Kors Bømlo	17 800	Avslag	Kan berre få 50% av totalkostnad. Søkjar oppgir ingen eigenfinansiering.	Barnas Røde Kors Bømlo startet opp høsten 2020, med kun uteaktiviteter pga covid-19. Det er gratis aktiviteter for alle barn mellom 6 og 12 år. De ønsker tilskot til redningsvester for å ta barna med på aktiviteter ved og på sjø.	17 800
15	Bømlo Tur og sogelag	BØMLO	Tilrettelegging av tursti Berge - Andal	30 000	Avslag	Strukturelt tiltak som ikkje fell inn under ordninga. Kan evt. søke spelemidler, anbefalar å ta kontakt med kommunen for dette.	Bømlo Tur- og Sogelag held ved like 10 gamle ferdsselsstiar i lokalmiljøet på Søre Bømlo. Desse er mykje brukt av folket på Bømlo til turar, rekreasjon og trim. Ein av turstiane har ein parsell gjennom eit vakkert og spesielt landskap. Bømlo Tur- og Sogelag planlegg å tilretteleggja denne turstien med skilt og infotavler o.l. for å gi brukarane ei betre oppleving av turen. Det er pengar til dette vi her søker om. Turen høver godt for familiar, skuleklassar og andre som vil nytta naturen.	44 000
16	Bømlo Turlag	BØMLO	Bømlo DNT ung	30 000	20 000	Viktig målgruppe, nyleg oppstarta tilbod som kan nå ut til mange lokalt og auke interessa for kystfriluftsliv.	BømloTurlag har høsten 2020 startet opp gruppa DNT ung Bømlo, og ser at mange melder sin interesse. Ønsker å søke om pengar til utstyr til kajakk padling; Tørrdrakter og redningsvester, for å tiltrekke seg ungdom og unge voksne som i dag ikkje er aktive innen friluftsliv. Ønsker å motvirke en stillesittende ungdomstid for dei som ikkje er interesserte i idrett eller trening, ved å tilby kajakk padling, turer, mat på bål, bålkos, bølgesurfing og klatring. Det sosiale elementet er også viktig, ein plass å høyra til.	60 000
17	Eikanger Idrettslag	ALVER	Eikanger kulturpark	45 000	Avslag	I hovudsak strukturelt tiltak som ikkje går direkte på friluftaktiviteter. Kan evt. søke om spelemidler til nokre av dei andre tiltaka, oppmoder til å kontakte kommunen for dette. Søkjer oppgir lite egne midler, det er krav om 50% eigendel.	Søknaden her gjelder et ønske om å utvikle en eiendom i bygden til en bredere arena for friluftsliv i kombinasjon med kulturopplevelser. Søker har fått en bruksavtale med kommunen for kulturminnet Vikje, en husmannsplass lokalisert nær E39 og Nordhordland Næringspark. Visjonen er å skape en bredde av aktiviteter gjennom opprettelse av Eikanger kulturpark. Det ønskes å etablere en badeplass, kjøpe inn flere kanoer/ kajaker, oppruste lekeplass, videreutvikle turstier, legge til rette for kjøkkenhage, og bygge opp aktiviteter på husmannsplassen med gras-slått/ hesjing, vedproduksjon og reparasjon av brakevegg.	60 000
18	Eikefjord Idrettslag	KINN	Trimpoeng - EikefjordIL	5 574	Avslag	Lågare søknadssum enn minimum på 10 000,-	Vi har lagt inn 50 ulike turmål kor det er mogleg å samle Trimpoeng. Vi har lagt inn turar i heile Eikefjord opp til Ramsdalsheia, vi har og utvida området heilt ut til Stavøya og Stavang. Vi håpar Trimpoeng-appen bidreg til å finne nye spennande turmål for alle. Det er ikkje avgrensing på kor mange poeng du kan samle, men for å vere med i trekning av premiar må du ha eit minimum av poeng. Det er kostnadar med trimpoeng-konkurranse det søkes om midler til.	13 074
19	Fitjar Festivalforeining	FITJAR	Trial-sykling i Fitjar	22 500	Avslag	Søknaden omhandlar i stor grad utgifter til eit trikseshow, med vaktar, rigging mm. Difor vert tiltaket i for liten grad direkte aktivitetsretta.	I høve årets Fitjarfestival i august i år ønsker ungdomsgruppa i Fitjar Festivalforening å leggja til rette for opplæring og fokus på trial-sykling. Vi leiter etter nye aktivitetar som fengjer barn/unge- og fordi vi ser at i Fitjar sin oppvekstprofil er det blinkane raude tal som viser at unge er lite fysisk aktive og tildels manglar god sjølvkjensle om seg sjølv. Midlane vil gå til eit forrykande trikseshow med Erik Ulletang & co- deretter med vegleing i trikseløype dei lager til hos oss under festivalen. Det vil vera ein liten oversikteleg festival som har fokus i år på barnefamiliar og ungdomstilbod.	49 100
20	Fitjar Idrettslag	FITJAR	Stolpejakta - lavterskel folkehelseilbud	22 700	20 000	Viktig lågterskeltilbod i ei tid der mange aktivitetar avlystast. Treff mange ulike brukargrupper og kan inspirere til bruk av nærmiljøområde.	Stolpejakta er og skal vere for brukaren eit gratis lavterskel tilbod. Aktiviteten går ut på å finna «stolpar» (/postar) som er plassert sentralt i høve til bustadområde, skular, barnehagar osv. Den enkelte kan gå på Stolpejakt når tid og i det tempo det høver seg best. Stolpane vert registrert td ved bruk av app på telefon. Der det er praktisk vert stolpane plassert ved Kulturminner. Stolpane er også plassert iht universell utforming slik at også t.d rullestolbrukarar kan ta seg rundt og finne fram.	69 700
21	Fjordane Friluftsråd	BREMANGER	Friluftsskule i Bremanger	15 000	10 000	Tiltak med fokus på mange ulike lågterskel aktivitetar og opplæring for born og ungdom. Stor overføringsverdi. Kan berre få 50% av totalkostnad. Søkt om overføring av overskudd frå 2020 (40 000,-) Dette er difor trekt frå tildelingssum.	Bremanger er ein av Fjordane Friluftsråd sine medlemskommunar som kom med oss i 2018. I 2020 arrangerte vi friluftsskule der og ynskjer pånytt å arrangere dette tilbodet for born og unge i alderen 9-13 år. Skulane skal avviklast i hovedferien. Bremanger er ein stor kommune med både kyst, fjordar og fjell og det er viktig å gje borna grunnleggjande ferdigheiter i å bruke naturen og gje dei kunnskap om bærekraftig utvikling. Vi søker eit samarbeid med DNT og Barnas Turlag og dreg nytte av anna kompetanse hos lag og organisasjonar og grunneigarar. Friluftsrådet må leige inn instruktørar med rett kompetanse til gjennomføringa. Det er planlagt 2 skular a 3 dagar med 2 overnattingar. Målgruppe er ca 25 born/unge. Det vil vere inn til 2 gratisplassar pr.kurs.	97 000



22	Fjordane Friluftsråd	STAD	Friluftsskulane i Stad	100 000	75 000	Tiltak med fokus på mange ulike lågterskel aktivitetar og opplæring for born og ungdom. Stor overføringsverdi. Kan berre få 50 % av totalkostnad.	Fjordane Friluftsråd har 6 medlemskommunar, Askvoll, Solund, Bremanger, Kinn, Stad og Stryn. som er typiske kystkommunar med mykje sjø, øyar, fjord og fjell. Det er viktig å lære born og unge grunnleggjande ferdigheiter i bruk av naturen og kunnskap om bærekraftig utvikling særskilt mot dei utfordringane ferdsl på/ved kysten har. Søknaden her rettar seg mot born og unge i alderen 9-13 år og skal avviklast i hovudferien i kommunane ved og i nærleik av kommunesenteret i Stad. Vi samarbeider med DNT, Barnas Turlag og dreg nytte av anna kompetanse hos lag og organisasjonar. Friluftsrådet har ikkje instruktørar sjølv, og leiger desse inn til gjennomføringa via desse organisasjonane. Det er planlagt inntil 2 kurs/skular på 3 dagar med 2 overnattingar, av di dette er mest praktisk for tilreisande deltagere. Målgruppe ca 25 born/unge. Foreldre vert med dette tiltaket også avlasta. Det vil vere nokre gratisplassar pr.kurs. Forutanom å gi borna grunnleggjande ferdigheiter i friluftsliv, vil dei få opplæring i kajakk/kano, fiske, kart, kompass, m.m.	152 000
23	Fjordane Friluftsråd	KINN/FLORA	Friluftsskolane i Kinn	89 000	10 000	Tiltak med fokus på mange ulike lågterskel aktivitetar og opplæring for born og ungdom. Stor overføringsverdi. Kan berre få 50 % av totalkostnad. Søkt om overføring av overskudd frå 2020 (65 517,-). Dette er difor trekt frå tildelingssum.	Fjordane Friluftsråd har 6 medlemskommunar; Askvoll, Solund, Bremanger, Stryn, Stad og Kinn som er typiske kystkommunar med mykje sjø, øyar, fjord og fjell. Det er viktig å lære born og unge grunnleggjande ferdigheiter i bruk av naturen og kunnskap om bærekraftig utvikling - særleg mot dei utfordringane ferdsl og bruk av naturen på kysten har. Søknaden her rettar seg mot born og unge i alderen 10-13 år og skal avviklast i hovedferien i Kinn kommune . Vi samarbeider med DNT, Barnas Turlag og dreg nytte av anna kompetanse hos lag og organisasjonar. Friluftsrådet har ikkje instruktørar sjølv, og leiger desse inn til gjennomføringa via desse organisasjonane. Det er planlagt inntil 2 kurs/skular a 3 dagar med 2 overnattingar, avdi dette er mest praktisk for tilreisande deltagere. Målgruppe ca 25 born/unge. Det vil vere nokre gratisplassar pr.kurs. Forutanom å gi borna grunnleggjande ferdigheiter i friluftsliv, vil dei få opplæring i kajakk, fiske, m.m.	171 000
24	Fjordane Friluftsråd	SOLUND	Friluftsskulane i Ytre Sogn	70 000	55 000	Tiltak med fokus på mange ulike lågterskel aktivitetar og opplæring for born og ungdom. Stor overføringsverdi. Kan berre få 50 % av totalkostnad. Søkt om overføring av overskudd frå 2020 (15 774,-) trekkast frå tildelingssum	Fjordane Friluftsråd har 6 medlemskommunar, Askvoll, Solund, Bremanger, Stad, Stryn og Kinn som er typiske kystkommunar med mykje sjø, øyar, fjord og fjell. Det er viktig å lære born og unge grunnleggjande ferdigheiter i bruk av naturen og kunnskap om bærekraftig utvikling særskilt mot dei utfordringane ferdsl på/ved kysten har. Søknaden her rettar seg mot born og unge i alderen 9-13 år og skal avviklast i hovudferien i Solund kommune ved og i nærleik av kommunesenteret Hardbakke. Vi samarbeider med DNT, Barnas Turlag og dreg nytte av anna kompetanse hos lag og organisasjonar. Friluftsrådet har ikkje instruktørar sjølv, og leiger desse inn til gjennomføringa via desse organisasjonane. Det er planlagt inntil 2 kurs/skular a 3 dagar med 2 overnattingar, avdi dette er mest praktisk for tilreisande deltagere. Målgruppe ca 25 born/unge. Det vil vere nokre gratisplassar pr.kurs. Forutanom å gi borna grunnleggjande ferdigheiter i friluftsliv, vil dei få opplæring i kajakk, fiske, m.m.	152 000
25	Fjordane Friluftsråd	STRYN	Friluftsskolane i Stryn	100 000	75 000	Tiltak med fokus på mange ulike lågterskel aktivitetar og opplæring for born og ungdom. Stor overføringsverdi. Kan berre få 50 % av totalkostnad. Kan berre få 50% av totalkostnad.	Fjordane Friluftsråd har 6 medlemskommunar, Askvoll, Solund, Bremanger, Kinn, Stad og Stryn. som er typiske kystkommunar med mykje sjø, øyar, fjord og fjell. Det er viktig å lære born og unge grunnleggjande ferdigheiter i bruk av naturen og kunnskap om bærekraftig utvikling særskilt mot dei utfordringane ferdsl på/ved kysten har. Søknaden her rettar seg mot born og unge i alderen 9-13 år og skal avviklast i hovudferien. Vi samarbeider med DNT, Barnas Turlag og dreg nytte av anna kompetanse hos lag og organisasjonar. Friluftsrådet har ikkje instruktørar sjølv, og leiger desse inn til gjennomføringa via desse organisasjonane. Det er planlagt inntil 2 kurs/skular a 3 dagar med 2 overnattingar, av di dette er mest praktisk for tilreisande deltagere. Målgruppe ca 25 born/unge. Det vil vere nokre gratisplassar pr.kurs. Forutanom å gi borna grunnleggjande ferdigheiter i friluftsliv, vil dei få opplæring i kajakk, rappellering, fiske m.m.	152 000
26	Friluftsrådet Vest	SUNNHORDLAND	TellTur i Sunnhordaland 2021 - fylkestilskudd	75 000	50 000	Viktig tilbod i ei tid der mange aktivitetar avlysast. Lågterskel og treff mange ulike brukargrupper.	TellTur er friluftsrådene elektroniske system for turregistrering, der turgåere kan finne nye turmål, registrere turene sine og konkurrere med seg selv og andre om å bli mer aktive i friluft. TellTur har hatt en fin vekst siden starten i 2014, og i vår region er det nå over 4 000 brukere av systemet. Alle våre 13 (6 i Sunnhordland) medlemskommuner er med på tiltaket, og vi har med rundt 150 varierte turmål over hele regionen hvert år. 2020 ble et rekordår for TellTur, trass i koronatiltak. Det gledeligste var at det gjennomsnittet pr. turgåer, gikk fra 17 turmål til 25 i fjor. Målet for 2021 er å fortsatt øke antallet brukere, og ikke minst få med flere barn, unge, nye landsmenn og inaktive mennesker i alle aldre ut på tur. . Vår erfaring er at TellTur er blitt et viktig folkehelse tilbud med lav inngangsterskel, og vi mottar utrolig mange positive tilbakemeldinger fra publikum om opplegget.	200 000
27	Friluftsrådet Vest	STORD, BØMLO, KVINNHERAD	Friluftslivets uke - og dag 2021	50 000	50 000	Godt forankra lågterskel tiltak som når ut til mange, fokus på aktivitetar for born og unge samt familiar. Omhandlar inkludering og tilbud for innvandrarar og andre.	Friluftsrådet VEST har stått som koordinator for "Friluftslivets uke" 27 år på rad. De siste 15 åra har vi også vært med på å arrangere "Friluftslivets dag" i flere kommuner i samarbeid med lokale turlag. Her blir friluftsrådets friluftstutstyrs pakker brukt og vi er også tilstede og arrangerer f.eks kanopadling i enkelte kommuner. Det har vist seg at Friluftslivets uke er en svært god måte å samarbeide med frivillige organisasjonar på. Uka og friluftsdagen blir arrangert i uke 36 i september hvert år, og er et delvis landsomfattende friluftstiltak. FRILUFTSLIVETS DAG / KOM DEG UT-DAGEN vil bli fulgt opp også i år med satsinger på Stord, Bømlo og Kvinnherad. Vi samarbeider også med flyktningstjenesten og setter opp busser for å frakte bosatte flyktninger og asylsøkere inn til Kom-Deg-Ut-dagene.	120 000
28	Friluftsrådet Vest	ETNE, VINDAFJORD OG SVEIO	Friluftsskole Sunnhordaland 2021	50 000	5 000	Godt tiltak retta mot barn og unge og dei med sosioøkonomisk lav status. Varierte aktivitetar med overføringsverdi slik at friluftsliv kan gi meirsmak. Godt forankra prosjekt i samspel med mange dyktige aktørar. Rapport frå 2020 viser eit overskot på 45 000,- då tiltaket ikkje vart gjennomført. Det tildelast difor lav sum.	FRILUFTSSKOLEN er et satsingsområde som Friluftsrådene og Den norske Turistforening har gått sammen om å utvikle. Friluftsskolen er et ferietilbud i nærmiljøet for barn og ungdom, med hovedfokus på 10–13-åringar. Målet med Friluftsskolen er å gi deltakerne lystbetont introduksjon til friluftsliv. Dette er et svært rimelig og litt anderledes alternativ til alle de idrettsskolene som også arrangeres de første ukene etter skoleferienstart. Friluftsskolene skal være et lavterskeltilbud som skal være økonomisk overkommelig for alle. Derfor holdes egenbetalingen på et minimumsnivå - ca 100 kr/ dag pr deltager. Friluftsskolen i Sunnhordland blir arrangert i andre uka etter skoleslutt. Vi samarbeider også med Skattkammeret i Sveio om utstyr og får frivillige fra jeger og fisk samt fra frivilligsentralene i de tre kommunene. Deltakerne vil få 3 dager grunnleggjande innføring i friluftsliv med ansvarlig sporløs ferdsl i naturen, allemannsretten, innføring i kart og kompass og kunnskap om leirslaging og turplanlegging. Ut fra lokale forhold blir det mange spennende aktiviteter som kano- og kajakkpadling, fiske, spikking, leik, bueskyting, skyting med salonggevær og selvfølgelig masse bading. Det vil bli lagt opp til overnatting siste natta.	100 000
29	Friluftsrådet Vest	SUNNHORDLAND	Innføring i friluftsliv Sunnhordaland	60 000	60 000	Godt tiltak retta mot innvandrarar og integrering. Hovudfokus på barn og unge og dei med sosioøkonomisk låg status. Godt forankra prosjekt i samspel med mange dyktige aktørar.	Friluftsrådet Vest i samarbeid med voksenopplæringen flyktningstjenesten i flere av våre medlemskommuner. Innvandrere har behov for å se hvordan nordmenn bruker naturen og friluftsliv. Vi ser at når vi har tatt de med ut og vist dem friluftsområder i nærmiljøet så kommer de tilbake og tar områdene i bruk. Mange bærer i seg en frykt og utrygghet for skog og fjell fra sine hjemland, og det er viktig å vise (ikke minst til foreldre) at norsk natur er trygg og kan brukes til ulike aktiviteter. Friluftsområder fungerer også godt som sosiale møteplasser og vi nordmenn er lettere å komme i kontakt med når vi er ute i naturen enn i byen. Et mål er også på sikt å rekruttere folk inn i eksisterende friluftorganisasjoner som turlag, orienteringslag og andre friluftorganisasjoner.	140 000

30	Friluftsrådet Vest	SUNNHORDLAND OG NORD-ROGALAND	Revisjon fritidsfiskebrosjyre på nett	80 000	Avslag	God og informativ brosjyre med profil retta mot bl.a. barnefamilier, potensiale for å få mange ut på tur med fiske i fokus. Det er merka kva som er tilgjengelig for rørslehemma. Ikkje direkte friluftaktivitet, og fell difor ikkje inn under ordninga.	Friluftsrådet har i snart 20 år hatt en fritidsfiskebrosjyre , "Fritidsfiske i Nord-Rogaland og Sunnhordland" , som har vært svært etterspurt gjennom mange år og som vi har revidert flere ganger. Siste revisjon var i 2013 så det er på høy tid med en ny versjon. Informasjonsbrosjyren har listet opp over 100 steder å fiske i ferskvann og i sjø. Hvert sted er kartfestet og har opplysninger om hvor man får kjøpt fiskekort og hva slags fisk man kan få i de enkelte vann. Opplysninger om salgssteder må helst oppdateres annenhvert år så her er det etterhvert mye feilinfo i den gamle brosjyren og her ligger det et tidkrevende detektivarbeid for å finne frem til alle nye og gamle kortutstedere. Vi ønsker nå å kun lage brosjyren i digitalt format og gjøre den tilgjengelig via våre og kommunenes turistinfo-nettsider.	260 000
31	Friluftsrådet Vest	SUNNHORDLAND	Basecamp Sunnhordland 2021	80 000	70 000	Godt tiltak retta mot barn og unge og dei med sosioøkonomisk lav status. Varierte aktivitetar med overføringsverdi slik at friluftsliv kan gi meirsmak. Oppfordrer til at ein ser korleis ein i etterkant kan ta med erfaringene ut i lokalsamfunnet, for gode ringverknader.	Friluftsrådet Vest har i to år på rad arrangert en tredagers Basecamp for ungdom i Uskedalen i Kvinnherad. Vi har deltagere fra flere av kommunene i Sunnhordland. Basecamp Sunnhordland i Uskedalen bygger på samme hovedaktiviteter som Basecamp Lindøy som vi har arrangert i 8 påfølgende år, men med sin egen tvist. Blant annet har de lagt inn Bretur på fonna og "rafting" i elva. Basecampen i Uskedalen vil ha hovedvekt på kajakk og klatring. 20-25 ungdommer vil møtes, lage sin egen mat og bo i lavvuer. Basecampen gir innføring i kajakk, klatring og bueskyting samt leirslagning, bålvett og sporløs ferdsel. De av deltagerne som klarer kravet til padleforbundets våttkort vil få dette som et bevis på gjennomført egen- og kameratredning. De vil dermed kunne padle på egenhånd og ta med seg venner ut på padling. Klatringen vil foregå i Uskedalen og vil gi en innføring i klatreteknikker ute og inne. Vi vil også samarbeide med flyktningetjenesten for å forsøke å rekruttere noen av våre nye landsmenn til campen. I fjor var det to innvandrere med i Uskedalen.	160 000
32	Friluftsrådet Vest	SUNNHORDLAND	Læring i friluft Sunnhordland 2021	120 000	100 000	Godt og viktig tiltak som når alle skolebarn - også dei som ikkje er aktive frå før. Stor overføringsverdi. Kan maks få 100 000,-	Vi har sammen med Friluftsrådernes Landsforbund vært med på å utvikle uteskole-opplegget "Læring i Friluft". Vi bruker dette aktivt sammen med friluftsutstyrsbasene våre i naturveiledningsopplegg med skoleklasser, og i vår kursvirksomhet for lærere og ansatte i SFO og barnehager. TILTAK: 1. - Drive heldags naturveiledning utendørs med skoleklasser eller barnehagegrupper i friluft. 2.- Holde friluftskurs for lærere eller ansatte i SFO/BH. 3 - Øke bruken av friluftsutstyrsbasene vi har i alle medlemskommunene. MÅLSETNING ER BLANT ANNA: -Å få skolebarna ut i fysisk aktivitet og gi dem gode natur-opplevelser i nærmiljøet samt grovmotoriske fysiske utfordringer gjennom lek og bevegelse i terrenget, i tillegg til å bruke naturen som læringsarena.	250 000
33	Haugen Idrettslag	STAD	Klenkarberget Sommarcamp	125 000	60 000	Tiltaket er godt organisert og har stor overføringsverdi. Får kun tilskot til lågterskel friluftslivsaktivitetar, ikkje til friidrett og fotball.	Klenkarberget Sommarcamp er eit aktivitetstilbod i sommarferien for barn i barneskulealder. Vi vil gje barna spesielle opplevingar ved fysisk utfolding i naturen og nærmiljøet. Dagane inneheld eit vrimmel av aktivitetar; fjellturar, symjing, kajakkpadling, fiske, blåttur, fotball, orientering, dans, rebusløp, klatring, matlaging, gardsbesøk, sykkelturar, friidrett, elvesafari og jungelleik. Camp Adventures er eit ekstra tilbod for dei over 10 år, med base i Hjelmelandsdalen, med aktivitetar i og rundt elva, fjellturar, gruppeleikar, rappellering m.m. I 2021 blir det to veker med forskjellig tema. "Elv og vatn" og "Skog og fjell". Vi ønsker også å opprette Camp Expedition, berre for dei over 12 år. Dei vil gjennomføre noko av dei same aktivitetane som Camp Adventure, men i tillegg ha ein lengre tur med overnatting i slutten av veka.	805 000
34	Haugesund Turistforening	SUNNHORDLAND	Friluftsliv for alle - hele året	20 000	10 000	Godt fokus med eige tiltak for dei med utviklingshemming. Får berre til Vestlandskommunane. Søkt om overføring av overskudd kr 9188,-. Dette er difor trekt frå tildelt sum.	Høsten 2007 startet vi opp med arrangement for mennesker med utviklingshemming. Disse arrangementene er hver andre eller tredje onsdag i gapahuken i Djupadalen ved Friluftshuset. Her kommer det mellom 60 og 90 deltakere hver gang. Deltakerne kommer fra Haugesund, Karmøy, Tysvær, Sveio, Vindafjord, Etne og Bokn. Alderen på deltakerne er fra ca 5 til 70 år. I 2020 var det til sammen 437 deltakere. Den store nedgangen skyldes koronasituasjonen. I 2020 har vi måttet ta hensyn til smittevern og har ikke servert mat hver gang. Vi har alltid en kort, alternativ tur for de som ikke kan gå langt. Begge turene ender opp ved Friluftslivets hus. Der blir det laget bål og gjort i stand mat laget på bål. Deltakere på arrangementene har til nå kommet fra Haugesund, Tysvær, Karmøy og Sveio. Vi har både juleavslutning med grøt, og sommeravslutning med grilling. I løpet av dette året har vi klart å få flere frivillige som turledere. Alle turer under fanen «Friluftsliv for alle – hele året» blir styrt av ansatte. Den ansatte jobber med rekruttering, invitasjon, møter med ulike instanser, planlegging av aktivitet, samt koordinering av den frivillige innsatsen.	465 000
35	Haugesund Turistforening	ETNE, SAUDA, VINDAFJORD	Naturlosturer 2021	40 000	40 000	Tiltak med fokus på lågterskel aktivitetar retta mot prioriterte grupper og har stor overføringsverdi. Tar i bruk nærområdene og stimulerer til økt nærfriluftsliv. Tildelte midlar skal nyttast til naturlosturar i Etne kommune.	Naturlosordningens grunntanke er å få folk på tur i sine nærområder og å bli bedre kjent med natur- og kulturverdiene som ligger der. I dette ligger et håp om at økt kjennskap til nærområdene medfører økt forståelse av miljøvern, biologisk mangfold og menneskets rolle i natur- og kulturlandskapet. Terskelen for å delta på naturlosturer er og må være lav. Kort avstand fra der folk bor til friluftsområdene er viktig for å få økt bruk. Naturlosturene er et godt bidrag til å få nye grupper ut på tur og er i tråd med nasjonale målsettinger for friluftsliv fordi; det stimulerer nye grupper til å delta i friluftsliv, det er direkte aktivitetsrettet, det inspirerer til samarbeid mellom turistforeningen og kommuner, lag og organisasjoner på Haugalandet. De siste årene har HT startet flere turgrupper rettet mot den delen av befolkningen som normalt er lite aktive. Som utviklings- og funksjonshemmede, psykisk syke, asylsøkere og turer rettet mot voksne som er lite aktive. Formålet med disse prosjektene er å integrere deltakerne inn i ordinære aktiviteter. I årets program har vi 229 turer fordelt på våre undergrupper og våre lokallag i Etne, Sauda og Vindafjord. Av disse turene er minst 17 naturlosturer.	240 000
36	Haugesund Turistforening	HAUGESUND, KARMØY, TYSVÆR, VINDAFJORD, SVEIO	Opptur 2021	20 000	Avslag	Tiltaket gjeld i hovudsak kommuner i Rogaland fylke, kun ein kommune i Vestland er med. I Hordaland inngår no Opptur-konseptet i driftsmidlar.	Onsdag 5. mai 2021 vil Haugesund Turistforening arrangere «OPPTUR!» for rundt 1 430 8. klassinger i Haugesund, Karmøy, Tysvær og Vindafjord kommune. Dette arrangementet er en årlig «happening» for alle landets 8. klassinger og arrangeres av Den Norske Turistforening (DNT). OPPTUR! HAUGESUND» skal arrangeres i Byheiene i Haugesund Kommune hvor elevene skal gå en rundløype på ca 10 km og innom flere topper. Her deltar ca. 900 elever, fra alle ungdomskolene i Haugesund, samt 2 skoler fra Karmøy. Frakkagjerd ungdomskole fra Tysvær. I 2020 ble også elever fra Sveio invitert med, men da ble ikke Opptur arrangert. Vi vil selvsagt invitere Sveio med i 2021.	230 000
37	Havstril Padleklubb	AUSTEVOLL	Padling for blinde og svaksynte	30 000	30 000	Tiltaket treff prioritert målgruppe som er avhengig av tilrettelegging og ledsagere på tur.	Søknaden gjeld tilskot til innkjøp av tomannskajakk og anna nødvendig utstyr, for å utvikle padletilbudet til å omfatte personar med synshemmingar. I 2020 fekk klubben førespurnad frå Norges blindedeforbund sitt lokallag, om høve for å tilby tilrettelagt padling for blinde og svaksynte i kommunen, då deira medlemmar etterspør dette. Me ynskjer å legge til rette så alle er velkommen til å delta på våre aktivitetar, og synest det er kjekt at interessa for padling og er hos personar med synshemmingar.	60 000
38	Heiarvang Grendalag	ASKØY	Forbedret tilkomst og utforming Skjenstø	150 000	Avslag	Strukturelt tiltak som fell utanfor denne ordninga.	Søknaden gjeld grunnarbeid opparbeiding av vei til lavvo v Siglingavatnet, som skal vere universelt utforma, i tillegg til opparbeiding av kai for kanoer og robåter, etablering av vinterlagringsplass for kanoer, og tilrettelegging for grilling i nærheten av vannet. Siglingavatnet friluftspark er definert som idrettsanlegg og har fått spelemiddeltilskot.	560 000



